

# Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Søknaden skal nyttast for etablering av nye utslepp og vesentleg auke av eksisterande utslepp av sanitært avløpsvatn jf. Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar (heretter: lokal forskrift). Søknadsskjemaet gjeld for utslepp frå bustadhus, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd med utslepp mindre enn 50 pe. Søknadsskjemaet gjeld også for utslepp av sanitært avløpsvatn mindre enn 50 pe i tettbustader som er større enn 2000 pe i innlandet og 10 000 pe ved kysten. Skjemaet gjeld ikkje for påkopling til offentleg avløpsnett.

## Informasjon:

Utsleppet av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig jf. forureiningsforskrifta § 12-3. Søknad med alle nødvendige opplysningar vil bli behandla av kommunen. Søknad i samsvar med standardkrava i lokal forskrift vil bli behandla innan seks veker, medan behandling av søknad om unntak frå standardkrava i lokal forskrift kan ta meir enn 6 veker.

For prosjektering og utføring av avløpsanlegget gjeld plan- og bygningslovens § 93 vedk. søknad om løyve til tiltak, godkjenning av føretak og ansvarsrett. Bygging av anlegget kan først starte når det føreligg ein igangsettingsløyve frå kommunen.

## 1. Ansvarleg (søkjjar)\*:

Namn:	Telefon (dagtid):
Adresse:	Postnr, poststad:
E-post:	<input type="checkbox"/> Enkeltperson <input type="checkbox"/> Selskap/lag /sameige. Før opp organisasjonsnr: ..... .....

\*Dersom ansvarleg søkjjar ikkje er den same som ansvarleg eigar (ansvarleg eigar tilsvareer tiltakshavar i plan- og byggesaker) skal dette takast med.

## 2. Søknaden gjeld:

<input type="checkbox"/> Nytt utslepp	<input type="checkbox"/> Heilårsbustad, tal: .....	Installerast /er det vassklosett? <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei
<input type="checkbox"/> Vesentlig auke av utslepp	<input type="checkbox"/> Fritidsbustad, tal: .....	
	<input type="checkbox"/> Annan bygning, tal:.....spesifiser:	

## 3. Eigedom /byggjestad:

Gnr:	Bnr:	Seksjonsnr:	Festenr:	Adresse:
Planstatus: Samsvar med endelege planer etter plan og bygningslova: <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei				
Dersom nei, ligg det føre samtykke frå kommunens planmynde: <input type="checkbox"/> ja, dato:.....				

#### 4. Utsleppsstad:

Type: <input type="checkbox"/> Innsjø <input type="checkbox"/> Bekk /Elv* <input type="checkbox"/> Elvemunning <input type="checkbox"/> Sjø <input type="checkbox"/> Stagedne lausmassar <input type="checkbox"/> Anna:.....
<small>* Må vere heilårsbekk/elv med vassføring heile året</small>
Namn på lokalitet:
Koordinatar på utsleppsstad:
Gje opp i kartdatum (WGS 84, ESO 50, NGO 48, anna):
Utsleppsdjupne til sjø: <input type="checkbox"/> 10m <input type="checkbox"/> 20 m <input type="checkbox"/> ikkje relevant
Storleik på utsleppet; talet på personekvivalentar:.....pe

#### 5. Reinsegrad:

<input type="checkbox"/> Utslepp til sårbare sjøresipientar (jf. §5):  Anlegget oppfyller følgjande utsleppskonsentrasjon og reinseffekt rekna som årleg middelvei av det som er tilført reinseanlegget: <input type="checkbox"/> 60 % reduksjon av fosfor, 70 % reduksjon av BOF <sub>5</sub>
<input type="checkbox"/> Utslepp til ferskvatn (jf. §6):  Anlegget oppfyller følgjande utsleppskonsentrasjon og reinseffekt rekna som årleg middelvei av det som er tilført reinseanlegget: <input type="checkbox"/> 90 % reduksjon av fosfor, 90 % reduksjon av BOF <sub>5</sub>
<input type="checkbox"/> Utslepp til god sjøresipient (jf. §7):  Anlegget oppfyller følgjande utsleppskonsentrasjon og reinseffekt rekna som årleg middelvei av det som er tilført reinseanlegget: <input type="checkbox"/> 20 % reduksjon av suspendert stoff (ss)  Berre utslepp av gråvatn, utslepp til sjø: <input type="checkbox"/> ureinsa
<input type="checkbox"/> Det vert søkt om unntak frå §§5-7, spesifiser i vedlegg nr: 6b).

Type reinseanlegg: <input type="checkbox"/> Ureinsa <input type="checkbox"/> Prefabrikkert slamavskiljar <input type="checkbox"/> Infiltrasjonsanlegg <input type="checkbox"/> Biologisk reinseanlegg <input type="checkbox"/> Kjemisk reinseanlegg <input type="checkbox"/> Kjemisk/biologisk reinseanlegg <input type="checkbox"/> Tett tank for svartvatn <input type="checkbox"/> Biologisk toalett <input type="checkbox"/> Konstruert våtmark <input type="checkbox"/> Tett tank for svartvatn, biologisk filter <input type="checkbox"/> Biologisk toalett, biologisk filter <input type="checkbox"/> Filterpose <input type="checkbox"/> Anna løysning, spesifiser:.....	Tillegg for prefabrikkert reinseanlegg:  CE-merke (EN12566-3): <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei  Tillegg for prefabrikkert slamavskiljar:  CE-merke (EN12566-1): <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei
Anlegget sin dimensjonerte storleik i tal personekvivalentar:.....pe	

### 6. Vedlegg til søknaden:

a) Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har bidrege med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad	<input type="checkbox"/> ja
b) Grunngevnad for ønske om unntak frå §§ 5-7 og relevant dokumentasjon	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
c) Dokumentasjon av reinsegrad jf. §§ 5-7 og 10 og forklaring av anlegg	<input type="checkbox"/> ja
d) Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og avstand til veg på kart i målestokk 1:5000 eller større	<input type="checkbox"/> ja
e) Liste over eigedomar knytt til avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
f) Oversikt over interesser som blir råka (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd ol). Forklaring av tiltak for å motvirke interessekonfliktar og tiltak for å ivareta helse og miljø	<input type="checkbox"/> ja
g) Oversikt og gjenpart av nabovarsel	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
h) Eventuelle mottekne klager/protestar	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant

### 7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk):

### 8. Underskrift og eigenfråsegn:

Eg forpliktar meg til å følge forureiningsforskrifta og lokal forskrift og enkeltvedtak i samsvar med forureiningsforskrifta. Som ansvarleg eigar er eg ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald.

Dato:

Underskrift ansvarleg eigar:

Gjentakast med blokkbokstavar:

### 9. Kommunen sine merknader:

# Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg - rettleiar

## ***Kven har søknadsplikt?***

Når du skal etablere eit utslepp av sanitært avløpsvatn eller vil auke eit eksisterande utslepp vesentleg må du søkje kommunen om tillating av utslepp. Dersom utsleppet er frå bustadhus, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd, og det totale utsleppet er mindre enn 50 personekvivalentar (pe)\*, fyller du ut søknadsskjemaet "Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter". Dette skjemaet får du hjå kommunen. Skjemaet gjeld både separate utslepp av sanitært avløpsvatn og utslepp frå små husstandar som samarbeider om ein felles avløpsløyse. Søknadsplikta gjeld og når avløp går til lukka tank.

Det er ditt ansvar som ansvarleg eigar å fyller ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne behandle søknaden. Behandlinga av søknaden startar når eit fullstendig utfyllt søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg føreligg. Kommunen behandlar søknaden innan seks veker frå fullstendig skjema med vedlegg er motteke. Manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forsinke saksbehandlinga. Dersom du har søkt om unntak, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

## ***Kva må du gjere i god tid før du søker?***

Ta kontakt med kommunen for å få vite kva for krav og eventuelle lokale tilpassingar som gjeld der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som blir kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gje rettleiing om korleis du skal søkje om utsleppsløyve og kva for vilkår og krav som gjeld. Du må også sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunens planer etter plan- og bygningslova.

Les denne søkerrettleiaren som du også finn på [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no) og [www.fitjar.kommune.no](http://www.fitjar.kommune.no) før du fyller ut skjema.

Hent inn nødvendig informasjon og dokumentasjon. Det er du som søker som skal innhente all nødvendig informasjon og vise at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så berekn god tid.

Du må varsle dei partane det gjeld og andre knytt til saka. Med parter er meint til dømes naboar. Med andre knytt til saka er meint til dømes friluftssinteresser. Når du sender varsel til desse, skal du samstundes sende kopi av varsel til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal varslast, kan du få rettleiing frå kommunen. Du må sjølv sørgje for å få kvittering for at varsel er sendt (til dømes kvittering på rekommandert brev eller underskrift). Oversikt over kven som er varsla og kvitteringar skal leggst ved søknaden (vedlegg 6g) i lag med eventuelle merknader/protostar du har motteke (vedlegg 6h). Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

## ***Kva må sendast inn til kommunen og korleis vert søknaden behandla?***

Når du har fyllt ut alle punkt på søknadsskjemaet og har lagt ved alle nødvendige vedlegg har du levert det vi kallar ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal behandlast av kommunen innan seks veker. Hugs at viss søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forsinke behandling av søknaden din. Dersom du har søkt om unntak, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

---

\* Personekvivalentar (pe) er eit mål på mengde organisk materiale i avløpsvatnet. Døme på berekning av pe finn du under punkt 4 (Utslippsstad) i denne søkerrettleiaren.

<i>Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen:</i>	<i>Når kan eg vente svar?</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen</i>	<i>Søknaden skal behandlast av kommunen innan seks veker. Viss kommunen ikkje har svart på søknaden innan seks veker reknar ein løyve som gitt</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava</i>	<i>Kommunen sin absolutte saksbehandlingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Saksbehandling kan ta lengre tid, men søknaden skal behandlast utan opphald</i>
<i>Eg har sendt inn ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjema er fylt ut eller det manglar vedlegg)</i>	<i>Søknaden vil ikkje kunne bli behandla</i>

## ***Kvar kan du klage på vedtaket?***

Klagefristen er tre veker etter motteke vedtak. Eventuell klage må sendast kommunen innan tre veker.

## ***Kva blir kravd av deg når anlegget er i drift?***

Eigar av anlegget pliktar å dimensjonere, drive og vedlikehalde anlegget slik at ein førebyggjer lekkasjar og unngår sjenerande lukt, jf. vilkår i utsleppsløyve. Du må oppbevare informasjon om anlegget, drift og lekkasjar. Eventuelle naboklager skal oppbevarast i fem år. Kommunen er tilsynsmynde og fører tilsyn med at krav blir overheldt. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn.

## ***Gebyr for sakshandsaming?***

Gebyr etter eige gebyrregulativ.

## ***Utfylling av søknadsskjema***

### ***1. Ansvarleg (søkjjar)***

Her skal du gje alle opplysningar som er nødvendig for at kommunen skal kunne kontakte deg eller det sameige/organisasjon som søkjer om utsleppsløyve. Ansvarleg søkjjar er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar/tiltakshavar) og som er ansvarleg for utsleppet, herunder for anlegget si drift og vedlikehald. Viss ansvarleg søkjer ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal dette opplysast her. Handheving og sanksjonar av regelverket vil skje ovanfor den ansvarlege.

### ***2. Søknaden gjeld***

Her skal du gje opp om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg auke av utslepp. Du må opplyse om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, samt talet på bygningar i dei ulike kategoriane. Viss vassklosett skal installerast eller er installert allereie, må dette opplysast. Med vesentleg auke er meint til dømes installering av vassklosett, dusj, bad eller våtrom, at fleire område blir kopla til anlegget, installering av matkvern etc. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er vesentleg auke.

### ***3. Eigedom/byggestad***

Her skal du opplyse om bygningen sitt eller bygningane sine gardsnummer og bruksnummer, samt adresse. Gards- og bruksnummer kan du få ved å kontakta kommunen.

Du må sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunen sine planer etter plan- og bygningslova. Viss utføringa av avløpsanlegget ikkje er i samsvar med kommunen sine planer, må du innhente samtykke frå plan- og bygningsetaten. Husk å opplyse dato for når samtykket ble gjeve.

## 4. Utsleppsstad

Her skal du gje opplysningar om utsleppsområdet. Det vil si om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, elvemunning, osv. Du skal også opplyse namn på lokalitet og kartkoordinatar. Kartkoordinatar vil du finne på eit økonomisk kart/plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du kunne få tak i hos kommunen sin oppmålingsavdeling (karttenester / teknisk kontor) og Fylkeskartkontoret. Nokre kommunar har også eigen heimeside der du kan laste ned kart (sjekk kommunen si heimeside). Husk å opplyse om kva for kartdatum du bruker. Til dømes WGS 84.

Plassering av avløpsanlegget og utsleppsstad skal merkast av på kartet. På same kart skal du også merke av eigedomsgrensar og eventuell veg tilkomst (for slamtømming, vedlikehald ol.). Kartet skal leggest ved søknaden (vedlegg 6d).

Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du opplyse om utsleppsdjupne.

Forventa storleik på utsleppet skal opplysast i tal personekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengde organisk materiale i avløpsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men som hovudregel seier vi at:

Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidrar med 1 pe

Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person vil bidra med 0,3 pe

Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person vil bidra med 0,1 pe

Ta kontakt med kommunen viss du er usikker på korleis du bereknar forventa storleik av utsleppet.

### Døme 1:

Hus med innlagt vatn og vassklosett, husstand med seks personar:  $1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$  i avløpsvatnet.

### Døme 2:

3 hytter med innlagt vatn og vassklosett og 10 sengeplassar i kvar hytte<sup>1)</sup>:  $3 * 1 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 30 \text{ pe}$  i avløpsvatnet.

### Døme 3:

Hytte med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar:  $0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ personar} = 3 \text{ pe}$  i avløpsvatnet.

<sup>1)</sup> Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ein hytte. Når ein skal berekna forventa tal personekvivalentar må ein ta utgangspunkt i maksimum tal personar på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan være eit godt mål på maksimum tal personar/maksimum belastning.

## 5. Reinsegrad

Kva for reinsekrav som gjeld på den staden du planlegg utslepp er avhengig av om utsleppsstaden ligg i eit område med sårbar sjøresipient, god sjøresipient eller ferskvatn.

Det kan være nyttig å ta kontakt med kommunen eller en fagkyndig for å få nødvendig informasjon eller rettleiing om kva for reinsekrav som gjeld der du planlegg utslepp.

Under punktet "Type reinseanlegg" skal du gje opp kva slags reinseanlegg du ønskjer å installere. Gjeld søknaden prefabrikkert minireinseanlegg eller prefabrikkert slamavskiljar skal "Tillegg for minireinseanlegg/slamavskiljar" også fyllast ut.

Anlegget sin dimensjonerte storleik skal gis opp i tal personekvivalentar pe. Dette vil du kunne finne til dømes i anleggsleverandørens dokumentasjon. Vurdering av kor stort anlegg du skal velje bør gjerast med eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje være dimensjonert for mindre enn 5 pe.

## 6. Vedlegg til søknaden

Søknaden blir ikkje rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg føreligg. Manglar det vedlegg vil søknaden ikkje kunne bli behandla. Under finn du ein liste over nødvendige vedlegg med forklaring.

### a. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har medveka til val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad

- Her skal du opplyse kven (nøytral fagkyndig person/firma/leverandør) som har hjulpet deg med utforming, dimensjonering og installasjon av reinseanlegg og dokumentasjon av

reinsegrad. Vær merksam på at dokumentasjon av anlegget sin reinsegrad skal være utført av nøytral fagkyndig.

- Viss du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg må dette være testa i høve til eN12566-3. Sjekk at reinsegraden som er angitt på CE-merket til minireinseanlegg tilfredstiller reinsekravet for ditt utslepp (du har angitt reinsekrav under pkt 5 reinsegrad). For alle andre reinseanlegg må det dokumenterast at anerkjent dimensjonering og utforming er nytta.

**b. Grunngeving for ønske om unntak frå §§ 5 til 7 eller relevant dokumentasjon**

- Viss du søker om unntak frå reinsekrav skal dette grunnjevast særskilt. Vær merksam på at dersom det blir søkt om unntak frå krav, gjeld ikkje kommunen sin absolutte saksbehandlingsfrist på seks veker.

**c. Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 10-3 og skildring av anlegg**

- Vær merksam på at dokumentasjonen skal være utført av fagkyndig. Vedlegget skal også innehalde ein skildring av anlegget (type/modell/leverandør etc.) og korleis det skal drivast.

**d. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrensar og vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald osv) på kart i målestokk 1:5000 eller større**

**e. Liste over eigedomar knytt til avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse**

- Viss du skal knytte deg til eit eksisterande reinseanlegg må du legge ved ein liste over kva for bygningar som allereie er knytt til anlegget. Gnr. og bnr for disse bygningane får du ved å vende deg til kommunen. Viss det ikkje er fleire bygningar knytt til anlegget skal du sette kryss i boksen  ikkje relevant.

**f. Oversikt over interesser som blir råka (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd etc). Skildring av tiltak for å motvirke interessekonfliktar og tiltak for å ivareta helse og miljø.**

- Brukarinteresser knytt til utsleppsstaden vil ha mykje å seie for plassering og utforming av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ein vurdering av interesser som kan/vil bli råka av utsleppet (til dømes drikkevatt, bading, fiske, turløyper etc.) og utsleppsstaden sin plassering i forhold til brukarinteresser. Viss du er i tvil kan det være nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan foreta ein nøytral vurdering.

**g. Oversikt over kven som er varsla**

- Du må lage ein liste over kven som har blitt varsla og du må leggje ved kvittering på at varsel er sendt dei respektive (til dømes kvittering på rekommandert sending eller underskrift).

**h. Eventuelle mottatte klager/protestar**

- Viss du har motteke klager/protester skal disse leggest ved søknaden. Viss du ikkje har motteke klager/protester kryssar du av i boksen  ikkje relevant.

## 7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal behandlast.

## 8. Underskrift og erklæring

Merk at det er ansvarleg eigar som skal underteikne søknaden. Ansvarleg eigar si underskrift står inne for at det er gitt riktige og fullstendige opplysningar og at eigar forpliktar seg til å følgje dei angjevne vedtak/retningsliner som gjeld drift og vedlikehald.